

# Produksjonstilskot i jordbruket

Informasjon til deg som søker om produksjonstilskot i jordbruket med søknadsfrist 20. august 2015

## GJER DEG KJENT MED REGELVERKET

Søker du om produksjonstilskot, må du kjenne dei juridiske føresegnene i dei relevante forskriftene og i jordbruksavtalen.

Du finn dei aktuelle dokumenta på Landbruksdirektoratet si nettside [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no), under meny punktlet Produksjon og marked/ Produksjonstilskudd/ Aktuell søknadsomgang.

## NYTT REGELVERK FOR PRODUKSJONSTILSKOT OG AVLØYSERTILSKOT FRÅ 1.1.2015

Ny forskrift om produksjonstilskot og avløysertilskot i jordbruket blei sett i kraft 1.1.2015.

Du finn informasjon om dei ulike endringane i regelverket i rettleiingsheftet for produksjonstilskot, som du finn på nettsida vår.

## NYTT FRÅ JORDBRUKSOPPGJERET

I rettleiingsheftet om produksjonstilskot finn du ei oppsummering av dei endringane som følgjer av jordbruksavtalen for produksjonstilskotsordningane og for tilskot til avløyser ved ferie og fritid:

- Endringar i satsar og intervall
- Tilskot til lammeslakt blir lagt om frå eit produksjonstilskot til å bli utbetalt ved slakteoppgjeret
- Husdyrtilskot til unghest er avvikla
- Innmarksbeitetilskot – ikkje lenger eit krav om permanent gjerde mot utmark
- Ny tilskotsordning for bevaringsverdige husdyrrasar frå søknadsåret 2016

## SÆRREGELVERKET FOR SAMDRIFTER ER AVVIKLA

1.1.2015 vart særreglane for samdrifter avvikla, både i kvoteforskrifta, produksjonstilskotsforskrifta, jordbruksavtalen og anna relevant regelverk. Dette vart bestemt i jordbruksoppgjeret 2014. Det betyr blant anna at ved søknad om areal- og kulturlandskapstilskot må ein del samdrifter og samdriftsmedlemar søkje på ein annan måte enn tidlegare. Tidlegare

## FAKTA

### Kort om produksjonstilskot ved søknadsomgangen i august 2015

- Søknad om produksjonstilskot kan du levere frå og med 31. juli 2015 (registreringsdatoen)
- Søknadsfristen er 20. august 2015
- Produksjonstilskot er ei fellesnemning for ei rekkje tilskotsordningar som føretak som driv vanleg jordbruksproduksjon kan søkje på.
- Søknadsomgangen i august omfattar desse tilskotsordningane:
  - Arealtilskot
  - Kulturlandskapstilskot
  - Tilskot til dyr på beite (beitetilskot)
  - Tilskot til dyr på utmarksbeite (utmarksbeitetilskot)
  - Omleggingstilskot til økologisk landbruk
  - Arealtilskot til økologisk landbruk
  - Tilskot til husdyr
  - Tilskot til økologisk husdyrproduksjon
  - Driftstilskot til mjølkeproduksjon
  - Driftstilskot til spesialisert kjøttfeproduksjon

kunne samdriftsdeltakarar søkje areal- og kulturlandskapstilskot for det grovfôrarealet som vart disponert av samdriftsdeltakarane sine føretak og som vart beita av samdriftsføretaket sine dyr. Denne særregelen er no fjerna. Det betyr at samdrifta sjølv må disponere og søkje om tilskot for det arealet som blir beita av samdrifta sine dyr. Dersom samdriftsdeltakarar sjølv søkjer for arealet, utan å samtidig disponere dyra som beiter på arealet, vil det ikkje bli gitt tilskot for arealet.

### **DIGITAL UTSENDING AV TILSKOTSBREV OG INFORMASJONSMATERIELL**

Digital kommunikasjon er nå hovudregelen for Landbruksdirektoratet sin kommunikasjon med føretak som søkjer produksjonstilskot og tilskot til avløyning ved ferie og fritid. Ved den sentrale utbetalinga av produksjonstilskot er hovudregelen at tilskotsbrevet blir sendt digitalt til føretaket sin meldingsboks i Altinn, og ikkje på papir. Alle føretak som har oppgjeve mobilnummer eller e-post i produksjonstilskotssøknaden, vil berre få tilskotsbrevet i meldingsboksen sin i Altinn. Samstundes som tilskotsbrevet blir tilgjengeleg i Altinn, vil du få varsel på mobil/e-post. Dei føretaka som korkje har oppgjeve mobilnummer eller e-postadresse, blir tilsendt tilskotsbrev på papir. Tilskotsbrevet vil også vere tilgjengeleg i elektronisk versjon i meldingsboksen i Altinn for dei som mottar brevet per post. Informasjon om ny søknadsomgang blir også sendt ut elektronisk.

Vi oppfordrar søkjarar som ikkje har registrert mobilnummer eller e-postadresse i Altinn, om å gjere dette.

### **LEVER SØKNAD OM KJØP OG LEIGE AV MJØLKEKVOTE ELEKTRONISK**

Du loggar deg inn i søknaden via Altinn på [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no) på same måte som når du leverar søknad om produksjonstilskot. Det er fleire fordelar med å søkje om kjøp og leige av mjølkekvote elektronisk:

- Du mottar kvittering på at søknaden er sendt.
- Fram til at søknadsfristen går ut, kan du slette eller endre søknaden.
- Du kan kontrollere mange av søknadsopplysningane før levering.
- Færre papirsøknader og betre datakvalitet effektiviserer forvaltninga sitt arbeid.

Søknadsfristen for kjøp og leige av mjølkekvote er 1. oktober.

Informasjon om kjøp og leige av mjølkekvote finn du på vår nettside under menypanelet Produksjon og marked/Mjølkekvoter. Har du spørsmål kan du kontakte oss på e-post [melkekvoter@landbruksdirektoratet.no](mailto:melkekvoter@landbruksdirektoratet.no).

### **PLANLEGG DU BRUKARSKIFTE NÆR REGISTRERINGSDATO FOR SØKNAD OM PRODUKSJONSTILSKOT?**

Dersom du driv med mjølkeproduksjon og planlegg brukarskifte rundt 31. juli, må du melde frå til ditt meieri i god tid. Føretaket som søkjer om produksjonstilskot skal vere same føretak som disponerer mjølkekvote på telledato for søknadsomgangen.

### **ERSTATNING FOR KLIMABETINGA AVLINGSSVIKT - SØKNADSRIST 31.OKTOBER**

Føremålet med erstatningsordninga er å redusere det økonomiske tapet ditt, dersom du har hatt avlingssvikt. Årsaka må vere klimatiske forhold som du ikkje kan sikre deg mot. For å få erstatning er det eit absolutt krav at du gir melding til kommunen. Du skal gi melding med ein gang ved skade, fordi det må vere på eit tidspunkt der det er mogleg for forvaltninga/kommunen å kome på synfaring og kontrollere skade og skadeårsak.

Vi oppfordrar deg til å søkje erstatning elektronisk, via Altinn. Dette er meir effektivt fordi mange felt blir førehandsutfyllt. Søknaden blir automatisk kontrollert før du leverer og gjer sakshandsaminga mykje raskare. Ta kontakt med kommunen dersom du treng råd og hjelp. Meir informasjon finn du på Landbruksdirektoratet si nettside om erstatningar.

### **HAR DU SPØRSMÅL?**

Les i rettleiingsheftet om produksjonstilskot som du finn på [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no) under menypanelet Produksjon og marked, eller kontakt kommunen din.